

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

DESEMBER 2023

Innhald


- | | |
|---|----|
| Leiaren har ordet av Ågot Gammersvik | 3 |
| Plukke plommer, byggje dikt av Frode Grytten | 4 |
| Han Jon av Magne Velure | 8 |
| Skor for tanken av Halldis Moren Vesaas | 9 |
| Om Hauges poetikk av Alf Gunnar Eritsland | 13 |
| Jon Fosse i Dagbok band 5 av Torbjørn Ljones | 18 |
| Tretoppen av Magne Velure | 19 |
| Sitat frå dagbøkene sommar/ haust 1973 | 20 |
| Jolahelsing frå Ågot Gammersvik | 22 |
| Kort om skribentane i dette heftet | 23 |



**VARME GRATULASJONAR
TIL JON FOSSE FOR
NOBELPRISEN I LITTERATUR FOR 2023!**

Siger for norsk litteratur og nynorsken!

Jon Fosse på Frekhaugkaien den dagen han
fekk Nobelprisen. *Foto Vegar Valde, BT.*



I dette nummeret av Venelagsheftet har vi sett fokus på tilhøvet mellom Olav H. Hauge og Jon Fosse.

Vi veit at Olav H. Hauge var oppteken av unge lyrikarar og forfattarar, og ville gjerne hjelpa dei fram. Når Hardanger folkemuseum spurte Olav H. Hauge om å lesa dikt ved ulike tilskipingar, svara han alltid ja. Men han ville gjerne også ha med seg yngre poetar og forfattarar, som til dømes Jon Fosse, Brit Bildøen, Einar Økland eller andre.

Mange yngre lyrikarar og forfattarar reiste til Ulvik for å møte Hauge. På Rossvoll vart alle tekne godt imot – fekk te og mat hjå Bodil Cappelen og foredrag av Olav H. Hauge. Gilde samtalar kunne vara til langt på dag, og då vart det gjerne servert sider frå eigen hage. Ein reiste aldri tomhendt frå Rossvoll, men fekk gjerne med seg både utvida verdssyn og inspirasjon til eige arbeid.

Vi veit at Jon Fosse vitja Hauge i Ulvik fem gonger mellom mai 1988 og mai 1994. Ved besøket i september 1991 kom Jon Fosse saman med Frode Grytten, som då var journalist i BT. Med seg hadde dei fotograf Odd Nerbø. Dei skulle laga reportasje om Olav H. Hauge til avisa, og slik vart det. Denne reportasjen har vi fått høve til å trykkja opp att i dette heftet, til glede for våre lesarar.

Torbjørn Ljones har sett nærare på besøka Jon Fosse hadde til Ulvik og omtala av han i Olav H. Hauge sine dagboknotatar.

Jon Fosse vart måla av Bodil Cappelen på hennar atelier på Rossvoll, eit nytt påbygg til sjøve hovudhuset. Portrettet vart måla helga 26.–28. juni 1992, og maleriet kom med på Bodil si utstilling på Hardanger folkemuseum same året. Men der stoppar informasjonen om dette maleriet.

Jon Fosse gav ut ei lita bok i 1993 om Olav H. Hauge sin poetikk. Boka omhandlar Hauge sin poetiske skrivemåte, henta frå dikta hans og ulike intervju Hauge har gitt. Målet var å gje eit oversyn over nokre sider ved Hauges poetikk, slik Alf Gunnar Ertsland skriv i denne artikkelen.

Andre artiklar vi har med i dette heftet er helsinga til Olav H. Hauge frå Haldis Moren Vesaas på 60-årsdag dagen hans. Artikkelen «Skor for tanken» vart utgitt i boka «Olav H. Hauge. Ei bok til 60-årsdagen», utgitt av Noregs Boklag og Det norske Studentersamfund i 1968. Denne helsinga har vi fått lov å trykkja om att her for våre lesarar. Me synes det gir eit vakkert bilete av tilhøve mellom desse to lyrikarane.

Vi har også med tekstar av Magne Velure frå Lofthus i Hardanger. Med sine ordhage, knappe tekstar har Magne fått mange lesarar, og vi er glade for å kunna presentera nokre tekstar her i heftet.

Med dette ynskjer vi våre medlemmer retteleg god lesnad!



Jon Fosse og Olav H. Hauge i samtale på Rossvoll.

Foto: BT

Det regnar på vegen til Hardanger. Vindusviskarane dansar frå side til side. Men midtvegs er det nokon som brått klipper over himmelen sine våte strengar. Og i Ulvik er det ein mjuk septemberdag. «Vidar Theisen tok feil når det gjaldt Ulvik i dag», flirer Olav H. Hauge der han står i tunet. Han og kona Bodil Cappelen tek imot oss og syner vei inn i det spissgavla, raude huset.

Fosse: - Du har levd i språket. Det er uvanleg, kanskje skremmande for mange. Korleis blei det sånn?

Hauge: - Å, det er umogeleg å seie. Det var no vers både i lesebøkene og i Norsk Barneblad som vi hadde heime. Eg likte det. Eg byrja å gje-

re noko liknande i tolvårsalderen, veit du.

Fosse: - Du skriv om det i «Lauvhyttor og snøhus». Å byggje dikt, det er óg ein plass å bu i verda?

Hauge: - Det var ingen lærarar på skulen som visste noko om korleis eit dikt var bygd – jambar, trokar, anapestar og slikt. Men eg fekk ei lærebok i vers frå farbror min, Edmund Hakestad, i Amerika.

Fosse: - På engelsk?

Hauge: - Ja, eg hadde lært litt engelsk. Boka var *Hints on Writing Poetry* av Clement Wood.

Fosse: - Eg var dårleg på skulen, skreiv dårleg. Hadde dårlege karakterer. Byrja å skrive i same alder som deg. Eg kan hugse ein kveld eg sat heime på rommet

og skreiv. Fann liksom fram til ei opning inni meg. Sjølv om eg ikkje fekk det skikkeleg til, så var det ei trygg kjensle på sin måte.

For hardingen Olav H. Hauge har det vore langt til folk for å snakke om bøker og vers. Men dei siste tiåra har folk komme til han. Jon Fosse er berre ein av mange litteratar som har vore på pilgrimsferd til fruktgarden i Ulvik. Og Jon er berre ein av dei som har sendt bøkene sine til Hauge. Med dedikasjon og takk.

Hauge: - Eg fekk jo bøkene dine. Og dei har eg lese. Jau, det var interessant. Men det er so greitt med det, du er oppalen i ei heilt anna tid.

Fosse: - Eg kan ikkje heilt hugse når eg las dikta dine fyrste gong. Men eg trur det er langt tilbake. Eg las i alle fall *Dikt i umsetjing* då eg flytta til Bergen. Du viste meg vegen til Trakl og Celan.

Hauge: - No er jo du sjølv teoretikar. Eg lærte ikkje nokon ting eg....

Fosse: - Å, det minkar på tilliten til teorien. Den når ikkje langt.

Hauge: - Ja, berre du arbeider med eit handverk, så får du ein viss innsikt. Og i litteraturen får du innsikt av å lese gode ting.

Fosse: - Det ein kan lære når alt kjem til alt, det må ein finne fram til sjølv.

Hauge: - Desse teoretikarane dei skriv mykje godt for kvarandre, veit eg.

Fosse: - Ein kan lære allslags teori.

Men eit godt dikt er likevel klokare enn teorien. Det heng meir saman.

Oppe på diktarstova i andre etasje kviskrar poetane og prosaistane frå hyllene. Frå golv til tak står bøker. Dylan Thomas, Carl Sandburg, Dante, Robert Lowell, Mao Tse-Tung, Leo Tolstoj, T.S. Eliot, D.H. Lawrence, Vilhelm Eklund, Jack Kerouac, Bob Dylan, Robert Bly. Ulvikdiktaren har lese dei alle.

Hauge: - Det gode diktet er ikkje oppkonstruert. Det byggjer på ein personleg oppleving.

Fosse: - Ja, det er verken form eller innhald. Det er eitt eller anna.... Eg veit ikkje.... Det er eit slags lys som oppstår.

Hauge: - Eg fyljer lite med i det nye. Men ein svensk forfattar meinte at dei nye lyrikarane dyrka Celan-lina for sterkt. Og det kan vere noko i. Dei nye er særskild kryptiske, vanskelege for vanleg folk å skjønna.

Fosse: - Ja... hmm... Jo....

Hauge: - Det er visse ting ein ikkje kan seie med ord. Og dei unge lyrikarane arbeider bortanom ordet. Mange prøver å seie det som ikkje kan seiast.

Fosse: - Men er det ikkje slik at den gode poesien kan slå igjennom til det som er bortanom ordet?

Hauge: - Tonar, mystikk og religion ligg bortanom ordet.

Hauge og Fosse tek avstikkarar og blindvegar i samtalen. Dei er raus med ros til diktarar dei set pris

på. Hauge syner stolt fram samlinga si av Vilhelm Eklund-bøker. «Han er Sveriges beste mann!» ropar gartnaren med glød i røysta.

Fosse: - Men er det ikkje ein samanheng mellom poesi og mystikk?

Hauge: - Jau, det meiner eg. Mange poetar har vore mystikarar på same tid. Ikkje tvil i det.

Fosse: - Ja, driv ein romanen eller diktet langt nok, så hamnar ein i ein slags mystikk. Anten ein vil eller ikkje.

Hauge: - Forma er ikkje alltid så viktig. Det er råd å laga stor dikting med frie vers. Det er eigentleg det eldsta, vei du. Men kinesarane er strenge i formspråket. Og dei kinesiske dikta er blant dei beste. Om no eg skulle få velgje.

Fosse: - Eg veit ikkje om det er nokon som veit kva det gode diktet eigentleg er.

Hauge: - Gudskjelov!

Fosse: - Ja, då hadde det forsvunne....

Hauge: - Det som er poesi for ein, er ikkje poesi for ein annan.

Fosse: - Poesi kan óg liggje i ting som hus, tre, jord.

Hauge: - Og det kan vere kombinasjonen av ord som gjer poesien. Dei gamle visste det!

Fosse: - Eit godt dikt kan samanliknast med å komme inn i eit gamalt hus med sjel i veggane.

Katten luskar rundt, lepjar i seg ein skvett mjølk. Hauge er glad i katten, varmar mjølka for han,

meiner at han ikkje har godt av å drikke mjølk rett frå kjøleskåpet. Men denne dagen får katten konkurranse om å vere várast i garden. Dei to diktarane tassar rundt, set seg varsamt ned, mel stille med mjuke ord.

Fosse: - Eg har lese den nye boka di. Ho er veldig fin. Veldig fin.

Hauge: - Du veit, eg plundra og plundra. Men Samlaget ville ha nokre nye dikt til 1982-boka *Dikt i umsetjing* som skulle ut på nytt. Så kom det så mange at det heldt til ei ny bok.

Fosse: - Diktarane du har valt ut, kjenner du deg meir igjen i dei enn andre? Det er noko med Vestlandet og stemninga...

Hauge: - Eg har likt dei på ein måte. Dikta som ein likar aller best, kan ein ikkje greie. Du ser at du ikkje greier å gje dei att. Då tek du dei du kan greie, veit du.

På garden Hakestad er det god utsikt over bygda. Han ligg høgt og fritt over Ulvikfjorden der fiskarane søkte etter brisling i djupet i gode år. Her mellom hardingfjell på 61 grader breidd har diktaren gått, skotta opp på snøen, stjerne-ne og månen.

Fosse: - Eg har lært av deg at det ein kan skrive om er det enkle og nære. At det heilt enkle og kvar-dagslege har ein intensitet og eit lys. Det var stort å sjå korleis du i dikta brukte ein Hardanger-kultur

som eg kjente til, som eg er vakse opp i. Stor poesi blei nær på ein måte.

Hauge: - Det er naturleg at det ein skriv får farge av kva ein ser og høyrer rundt seg. Ein som bur i by ser og høyrer andre ting. Ein lever ikkje i ei abstrakt verd.

Fosse: - Men er ikkje det å vere forfattar nettopp å leve i ei abstrakt verd?

Hauge: - Du lever i eitt med naturen. Og naturen spelte hovudrolle i norsk litteratur tidlegare. Og han gjer det framleis i engelsk og dansk lyrikk. Sjølv om naturen der er langt mindre dramatisk enn hos oss. Eg saknar norsk bakgrunn i den norske diktinga i dag.

Fosse: - Men naturen er voldsomt fæl... Død, alt er forgjengeleg...

Hauge: - Men han er den naturlige omgjevningen og atmosfæren til mennesket. Byane er svært unge samanlikna med naturen. Det er bønder, fiskarar og arbeidsfolk som har skapt språket.

Fosse: - Så du er ikkje einig med Heidegger i at det er poetane som har skapt språket?

Hauge: - Mykje av den beste diktinga har vore ferdig. Men litt har nok poetane gjort...

Nede i fyste etasje står Olav H. Hauge sine egne bøker. Her er dikt frå Ulvik-bygda på engelsk, russisk, italiensk, spansk. Hauge er omsett til i alt 25 språk. Han syner oss ei italiensk diktsamling

der det i vita-delen står at forfatteren er utdanna medisinar. «Det er meir enn eg veit om», smilar Olav H. Hauge.

Fosse: - Kva forhold har du til romanen?

Hauge: - Jau, før hadde ein grenseløst med tid. Då kunne ein slita seg gjennom ein roman. Dostojevskij og alle desse karane. Men når ein blir eldre har ein ikkje så mykje tid att. Ein tek ikkje fatt. Men romanen er spennande. Å, du og du!

Fosse: - Eg føler meg meir heime i romanen. Som lesar likar eg betre dikt, men eg får berre til å skrive romanar. Men eg skriv vel romanane mine som lange dikt. Det er ei stemning som legg seg overalt.

Hauge: - Eg har aldri komme på å skrive prosa. Eg har krota ned nokre brevlappar. Det er vel prosa det óg, veit eg.

Fosse: - Romanen er ikkje berre språk. Det er ei eiga verd når ein skriv og les.

Hauge: - Men essayet er ein stor ting! At ikkje essayet er med i innkjøpsordninga. John Ruskin til dømes er ein av dei største prosaistane som England nokon gong har hatt. Og han skreiv om mållarar!

Fosse: - Så du skil ikkje mellom faglitteratur og skjønnlitteratur?

Hauge: - Ruskin, det var gut som hadde stil det! Han tulla litt i ungdomen, men han var litt av ein arkeolog, veit du.

Postmodernismen og den gamle diktaren. Heiltidsforfattaren og gartnaren. Den unge ute av startblokkene no, skriv bøker i eit drepende tempo. Den gamle i oppløpet, med ein knapp og knepen produksjon bak seg. Og no er det smått med vers att i Parker-pennen.

Hauge: - Eg har hakka for mykje gras og plukka for mange eple. Eg er ingen akademikar. Eg er ein røver. Ein filister.

Fosse: - Det er ikkje mengden som er avgjerande. Sjå på Claes Gill.


Hauge: - Ja, det var gut som passa måten! Men det er ikkje sikkert at

det hadde kome fleire dikt om eg hadde hatt meir tid til å skrive. Kan hende hadde det ikkje blitt noko i det heile...

Vi bryt opp. Bodil Cappelen spør om vi ikkje vil ha med litt frukt. Vi går ut, plukkar plommer og prinseple frå tre som ber hausttungt. Så set vi oss i bilen. Olav H. Hauge vinkar då vi svingar ur av tunet og startar på vegen heim til Bergen.

Denne artikkelen vart publisert for første gong i Bergen Tidende 28.09.1991. Den er gjengitt med løyve frå BT og Frode Grytten.

Han Jon av *Magne Velure*



Jon Fosse på Frekhaugkaien den dagen han fekk Nobelprisen.

Foto Vegar Valde, BT.

Omsider fann den halsande medieverda han Jon,
på ein stad dei knapt visste fanst,
på Frekhaug,
– korleis skal du feira?
spørsmålet kom med funklande champagnedropar i tonefallet,
– heime med familien,
det vert nok ein god middag,
slik svarar ein Nobel-forfattar,
oppvaksen straks ovanfor fjøresteinane i ein vestlandsfjord.

Denne helsinga til Olav H. Hauge då han vart 60 år stod i boka «Olav H. Hauge Ei bok til 60-årsdagen», utgitt av Noregs Boklag og Det norske studentersamfund i 1968. Teksten er gjengitt med løyve frå Det Norske Samlaget.

Korleis det kjennest å fylle så pass mange år som 60, det veit sjølv sagt berre den som gjer det. Det kjem vel mykje an på kva han har å sjå tilbake på, av «ytt og bytt», og på kor mykje han kan vente seg av same slaget vidare framover. Den aktuelle 60-åringen burde ikkje ha grunn til å kjenne seg så verst modfallen, same i kva lei han så vender auga – slik tenkjer i alle fall ein som har vore lesaren hans gjennom alle år og såleis har følgt han på i det minste eitt slags nært hald.

Gjennom alle år, ja, og litt til.

Nokre veker til. Det fall seg slik at eg kom til å møte han, bak forhenget liksom, like før han steig fram. Og det å ha vore med på å dra forhenget til sides – så tilfeldig som det var at ein fekk ei snor til det bruk lagt i handa så kjennest det den dag som noko av det likaste ein har vore med på. Det gjekk såleis til:

I åra like etter krigen var eg iblant konsulent for Noregs Boklag, mest på diktsamlingar. Mesteparten av dei kom vel aldri fram i dagslyset, slik er det no eingong i den



9. juni 1988 skreiv Olav H. Hauge i dagboka: «Um morgonen var me ned på Midtbø. Halldis var der, og ho laga kaffi.

Foto: Ukjend. Gjengitt med løyve frå Haugesenteret.

gata. Ikkje så moro nett å bruke slaktekniven; men at det ofte må til, er ein førebudd på, og får berre vone at ein ikkje kjem i skade for å kutte av noko som burde ha vore liv laga.

Ein vakker seinsommardag i 1946 kom det to manuskript i posten, diktsamlingar båe to. Det vart ein minneverdig dag. Det eine manuskriptet var Tor Jonssons «Berg ved blått vatn». Tittelen på det andre minnes eg ikkje, men da det kom ut same haust, heitte det «Glør i oska». Forfattaren var lett å lokalisere til Hardanger. Namnet hans var Olav H. Hauge.

Det var ikke bruk for nokon slaktekniv, den dagen. Ein kunne ha heist flagget! Gjorde det vel òg, inni seg. For Tor Jonsson? ja visst, men det var ikkje uventa, dette var hans andre bok. Men også manuskriptet av det ukjende mannen fekk eins indre flagg til å løfte seg, smått om senn – til det brått fauk til topps da ein litt uti boka støyte på dette, som gjekk beint inn som eit hogg:

Svarte krossar
i kvit snjo
luter i rignet gruve.
Hit kom dei døde
yv' klungermo
med krossar på herd
og sette de ifrå seg
og gjekk til ro
under si klaka tuve.

Den sat. Det sit. Den dag i dag synes teg at dette diktet er noko av det beste Olav H. Hauge har gjort. Alr som skulle gjere han til den dikteren han seinare er blitt, viser han alt her at han har – bortsett kanskje frå den vedunderlege frigjorde og overlegne livsholdningen som lar ein så stor og fri vind blåse gjennom hans Dropar i austavind. Men elles: alt. Blikket som ser så vidt og så vel. Støleiken som handa får, her, når ho rissar opp det ytre bildet, knapt, sterkt og vårt, tett av liv og atmosfære som eit tresnitt av den målaren som står Olav H. Hauge særskilt nær, Nikolai Astrup. Kjenslestyrken, av-vegen av måtehaldet i uttrykket. Den originale tanken som gir diktet ei slik reisning.

I det heile: tanken, den rolle den spelar i Olav H. Huges diktarverd. Alt i den første boka si vitnar han om kor høgt han set tanken. Som reiskap, rimelegvis, og da visst som støttestav for ein uviss veg. «Tanken er blakrande ljoset for vår snåvande fot.» I eit dikt der han gjer seg til *treskomakar*, seier han tilmed at det diktet først og fremst skal, er å bere tanken fram:

Ein tresko skal holast
ut etter skanken,
og vers skal gjerast
til skor for tanken.

Skal ein prøve å samle det ein har å takke denne dikteren for, blir dette noko av det som er mest takk verd: dei mange gode skor for tanken

som er komne frå verkstaden hans. Dei har hatt venger på hælane, dei skorne, og dei har bore ein både høgt og vidt.

Men, sanneleg. Det er no ikkje berre tanken som har fått slike skor, frå den verkstaden.

Men om Olav H. Hauge set tanken aldri så høgt, hender det at han tenkjer gale. Tenkjer og spår reint ut sagt ravgale. Det gjorde han i diktet «Vegen», som står som opning til den andre boka hans, og som sluttar slik:

Og ikkje vardar du vegen
du hell.

Og vind stryk ut ditt far
i aude fjell. -

Den spådommen slo no ikkje til. Men ein slik pessimisme kunne det vel vere grunn til på den tid diktet vart til. Lenge var det utruleg få som visste om Olav H. Hauge. «Kven er det?» - det spørsmålet kom rett som det var, frå folk ein ikkje skulle trudd det om, når namnet hans vart nemnt. Det hender ikkje, no meir. Etterkvart har han fått den plassen han fortener. No veit ikkje eg kor stor vekt Olav H. Hauge legg på godkjenning og vellæt, men såpass lik andre skri-varar er han vel at han synest det er bra å bli hørt. Særleg må det vere ei glede å vite at dei unge set han så høgt. Den og den har sagt tydeleg frå om at dei nettopp ser på han som ein som har varda vegen. Så er da han òg, på si side, svært

lydhør for den unge diktinga – om han no ikkje ser med heilt ublanda respekt på alle dei «nye styltrone» som er i bruk, no til dags.

At det tok tid før han vart hørt, har han elles mykje seg sjølv å takke. Ein må helst bli sett, her til lands, dersom ein skal bli hørt, og han er ikkje større frampå slik. Han sit mest i ro på den der ørnetuva si i Ulvik i Hardanger. Truleg skal vi verken ynke eller laste han for det. Det er da der han er blitt den han er, i einsemda, i vekslinga mellom kroppsarbeid og skrivning og intens lesing, i andlet til andlet-samværet år ut og år inn med ein natur som ein synest må vere likså eitt med han sjølv som den er det med diktinga hans. Fossen og fjorden og snøfonnene, stjernene og kirsebærtreet, furua som trær gull på nåla i morgonstunda, sagbukken og hoggestabben ute i tunet – alt er hans, alt blir bilde og sendebod, blir vyrke til skor for tanken.

Men det er rart med en som ein veit om så vel og så lenge, men aldri ser, enda han bur ikkje lenger borte – ein trur liksom ikkje heilt at han finst, i likamen. Han er eit omgrep, ei segn, eit slags gespenst. Dess meir minneverdig vart den dagen i fjor sommar da han brått materialiserte seg ut av ei bildør og stod i tunet her. Og minneverdig vart da visst samværet. Samtalene. På førehand visste vi nok at han hadde lese uvanleg mykje. Men at han var så heimekjend på dei

vide litteraturmarkene han tok oss med på ferd i, det hadde vi likevel ikkje kunna tenkt. Eins eige kart over dei same traktene vart berre ein liten lappa i samanlikning, ein lapp i høgda så stor som ein vanlig reisebillett. Bra at det no fanst såpass, så ein kom med på ferda. For det vart ei ferd som var vel verd å vere med på.

Og den første billetten, den til hans eige rike, den skal det vonleg framleis bli bruk for, til nye ferder. Det ønskjer ein, for hans skuld og for si eiga, ved dette høvet som no eingong er til slikt bruk. «Seint rodnar skog i djuvet» - ja vel. Måtte han til gjengjeld få rodna lenge, denne skogen!

INNBETALING AV LAGSPENGAR

Vi minner om lagspengar for 2023

Ein del medlemmer har gløymt å senda inn lagspengar for inneverande år, og det gir laget mindre rom til å produsera og senda ut medlemsheftet. Vi vonar difor på rask tilbakemelding og innbetaling fra medlemmene i laget.

Venelaget Olav H. Hauge minner om lagspengar for 2024.
Dei er som før kr. 250 og kan betalast
til konto 3450 30 01960 ved
kasserar Anders Oppheim, Hjeltnesvegen 109, 5730 Ulvik.

Du kan og Vippsa til: 586853

Som medlem får du tilsendt Venelagsheftet
i posten to gongar i året.

Skriv tydeleg namn og adresse til avsendaren.
E-post til Venelaget kan sendast til leiaren:
aagot.gammersvik@gmail.com

Jon Fosse gav i 1993 ut ei lita bok med tittelen Olav H. Hauges poetikk. Her er stoffet om Hauges poetiske skrivemåte for det meste henta frå dikta hans og frå intervju han har gitt. I tillegg til Fosses bok dreg eg her inn utsegner frå Hauges Dagbok 1924-1994, dessutan frå ein artikkel av Atle Kittang og ei bok av Idar Stegane. Målet er å gi eit oversyn over nokre sider ved Hauges poetikk.

Poetisk praksis

Olav H. Hauge var tilbakehalden når det gjeld å forklara korleis dikt blir til. Utsegnene hans om eigen skrivemåte blei ikkje formulerte som samanhengande resonnement eller teoretiske postulat. Han meinte slikt kunne snevra inn lese-måten. «[Å] tyda ut og fortelja so mykje um korleis dikta vert til, trur eg ikkje ein skal gjera, det kan no andre lura på.»

Fosse skriv om kjeldene til Hauges poetikk: «Hauge meiner slik innsikt kjem meir av sjølv arbeidet enn av lesnad og teori. Han nemner Vesaas, som aldri snakka teori, men som gjekk svært opp i arbeidet og var høgt medviten kunstnar, noko du merka fort når du prata med han, endå han ikkje plent kom med litteraturteoretiske utleggingar.»

Fordi Hauges syn på diktning først og fremst finst i hans eigne dikt, gir boka til Fosse mange eksempel frå Hauges diktsamlingar. Han dreg fram dikt der Hauge omtalar arbeidet med skrivinga. Som her, i det kjende diktet om pil, boge og målskive.

Mange års røynsle med pil og boge

Det er den svarte prikken
midt i skiva du skal treffa,
nett den, der
skal pili stå og dirra!
Men nett der treffer du ikkje.
Du er nær, nærare,
nei, ikkje nær nok.
So lyt du gå og plukka upp pilene,
gå tilbake, prøva på nytt.
Den svarte prikken tergar deg.
Til du forstår pili
som stend der og dirrar:
Her er òg eit midtpunkt.

Lesing og læring

Hauge har fortalt om korleis han som barn og ungdom lærte poesien å kjenna. Han hugsa til og med sitt første dikt. Ein vinterdag såg han ein fugl ved vindauget. «Det var kaldt ute, men i stova var det varmt. Då kom det ein fugl og sette seg på vindaugsruta. Dette laga eg tri strofer um.»

Hauge var ein storlesar heile livet. Som ungdom las han gjen-nom heile boksamlinga i Ulvik, både spenningsbøker og tyngre stoff, som han etter eiga mening forstod lite eller ingenting av. «Men

eg las ... eg lika dette her, ja diktsamlingar og – det var klangen og rytmen i versi eg lika. So når eg tok til å laga noko sjølv, var det vers eg prøvde med.» Sidan han mest las eldre diktarar, blei det også naturleg for han å skriva i tråd med «den gamle versekunsten».

Av morbroren Edmund Hakestad, som hadde emigrert til USA, og som hadde universitets-utdanning i engelsk, lærte den unge Olav mykje om diktskriving. Av Edmund fekk han boka *Hints on Writing Poetry* av Clement Wood. Venskapen mellom dei to fekk mykje å seie for Hauges utvikling, særleg etter at morbroren kom heim til Ulvik. Han hadde då med seg ei boksamling som den unge nevøen fekk stor glede av. Men læring og påverknad gjekk også andre vegen. Edmund kunne ikkje mykje om norske lyrikarar. Olav introduserte han for, mellom andre, Kristofer Uppdal.

Handverk

(...) Eit godt dikt


skal lukta av te.

Eller av rå mold og nykløyvd ved.

Frå *Eg har tri dikt*

(*Dikt i samling*, 2008)

Dikt kan etter Hauges mening bli påverka av det yrket dikteren driv med eller kjenner seg heime i. Han samanliknar diktarbeidet med eit handverk. «Ein mann som driv med eit handverk, fær etter kvart



ei viss innsikt i arbeidet.» Som eit eksempel på sambandet mellom yrke og skrivemåte viser Hauge til Olav Nygard og Tarjei Vesaas: «Å dikta er eit arbeid. Sjå på Nygard, det er greitt å sjå at han er tømmermann, og at Vesaas visste korleis ein skjerper ein stutturv. [...] Det at ein har lært å gjera noko med hendene og har lært å laga ymisk, kjem vel til nytte når ein skriv og.»

Når han kommenterer eigen skrivemåte, viser Hauge gjerne til si røynsle med dyrking, planting, gjødsling og hausting, og med det å observera naturen gjennom årstidene. Sjølv tok han gjerne utgangspunkt i «faktiske ting». Sidan han var gartner, kunne mange av dikta

ikkje blitt slik dei blei utan at han kjende dette yrket.

Draum og røyndom

Det er ein gartnar, berre,
med ei rive,
men stundom tek
hans draumar til å svive.
Frå *Gartnaren drøymmer*
(*Glør i oska*, 1946)

I dette diktet set Hauge kvardagens røyndom opp mot den romantiske draumen. I ein analyse av diktet viser Idar Stegane at diktar-eget først ser ideane og draumen som det mest verdfulle, som ein motsetnad til yrkestrevet. Men det er ei utvikling i diktet. Etter kvart ser han viktige verdiar i det kvardagslege. Idealismen kan då knapt bli ein farbar veg. «Det blir likevel ein lang strid før han kjem fram til at åndsliv kan vera noko for kvardagen óg, ja, at det eigentleg fyrst får meining når det er det.»

Sonetten *Til eit Astrupbilete* (*På ørnetuva*, 1961) handlar også om relasjonen mellom draum og røyndom, og om Hauges syn på dikting. Han hadde fått ein reproduksjon av Nikolai Astrups måleri *Vårnatt i hagen* (1909), og skreiv eit dikt som takk til gjevaren. Diktet blei skrive «nokså snøgt, og ikkje retta eg større på det etterpå, heller.» Jon Fosse kommenterer at sjølv om diktet kom til som i eit ras, ein blink, er det sjølv sagt skrive ut frå den lange røynsla Hauge hadde

som lyrikar.

Atle Kittang skreiv at Hauges gjennomgåande motiv, *draumen*, i dette diktet står fram som eit kunstverk. «Den lever så å seie eit tidlaust liv gjennom seg sjølv åleine.» Slik blir dette eit metadikt om å skapa kunst, om å dikta. For Kittang står *Til eit Astrupbilete* i ei særstilling i Hauges poetiske univers. Grunnen er at den nemnde motsetnaden mellom kvardag og draum her blir oppheva. Lengst blir røyndom. Gjennom kunsten når «ei søkande røynsle [...] fram til sitt mål».

Tida det tar

Om Hauge kunne forma eit komplekst dikt som *Til eit Astrupbilete* på kort tid, er dette ikkje typisk for hans måte å skriva på. I dagbøkene fortel han korleis han kunne la dikt ligga i lange tider, korleis han endra dei, skreiv dei i ulike versjonar. Ja, han endra også mange dikt etter at dei var publiserte, for eksempel når han skulle velje ut tekster til *Dikt i samling*. Slik hende det at han kunne arbeida med eit dikt gjennom fleire tiår. Ein gong kommenterte han denne kontrasten mellom rask og sein skriving.

- Tida som går med til eit dikt?
- 20 til 30 år fyrr sume er ferdige. «Eit dikt vert aldri ferdig, seier Valéry.»
- Dei fleste dikti i *Dropar i austavind* kom på same

- måten, eg skreiv dei berre ned
 - på halvannen månad eller so.
- Våren 1966
 - Ja
 - Var det liksom du kom over ein måte å jobbe på?
 - Ja, det losna, liksom ei skrede, den eine steinen tok den andre med seg.

Reglar og brot

Sjølv om Hauge kjende dei metriske reglane og dei lyriske tradisjonane, la han vekt på at han som diktar også kunne bryta med det kjende, ja, at det nettopp er i brotet at særdraget i eit dikt viser seg. «[D]et er umogleg å gje reglar for dikt. Desse verselærerne, me har no eit digert troll av Hallvard Lie - han gjer greie for strofeformer og versemål, det er greitt nok det. Men du veit han har ikkje gjeve reglar for broti.

- Så poesien ligger i bruddet som skjer etsteds?
- Ja, ja, det har ikkje han sagt noko um, det kan han ikkje. Det er upp til ein kvar det ... Det er so artig kor det har seg – sjølv om du har eit dikt som er skriva i akkurat same form og det har ein heilt onnortone! Kan du forklara det? Ein salme t.d. og ei vise i nøyaktig same form og det er ulike som natt og dag ... Det er eit mysterium.»

Litterære trendar

Hauge seier at det før var meir reglar for alt, «reglar for dikt, reglar

for alt anna i samfunnet – desse formene har gått i oppløysing». Som diktar blei han ikkje upåverka av nyorienteringa, av at nye rom opnar seg. Han utvikla ein modernistisk stil samtidig med at det kom eit opprør mot tradisjonelle bundne former blant unge lyrikarar.

Trass sin meisterskap som diktar innan dei frie moderne formene, hadde Hauge heile livet ei positiv haldning til dei bundne diktformene. Nærleiken til tradisjonen viser seg klarast i hans arbeid med sonetten, ei metrisk form utvikla på 1200-talet, som Hauge brukar i diktsamlingar som elles er prega av moderne former.

Slik han ser det, arbeider dikteren i ein balanse mellom det kjende og det nye, mellom det som står i ein samanheng, og det som får sin kvalitet gjennom dei særdraga dikteren kjempar seg fram til, gjerne i motsetnad til trendar og litterære tradisjonar.

Då Hauge blei spurt om skilnaden mellom å skriva bundne og frie vers, svara han: «Du veit det skulde vera betre sjans å gjeva uttrykk for *sjølv poesien* i frie vers. Men dei vert ofte lause, utan pregnans. Bundne former tvingar sin mann til meir konsentrert arbeid, og i smidinga kan uventa tankar og bilete springa fram – diktet kan brått få ein ny dimensjon.» På den andre sida meiner han at formtvang gjennom fast rim og rytme kan gjere «at ein ikkje får sagt det

ein vil, det formelle rir for mykje av innhaldet.»

Lær av kinesarane

Hauge heldt kinesisk poesi for å vera noko av det beste som er laga. «Eg veit ikkje om noko betre eg, enn dei gamle kinesarane.

- Hva er det du liker ved dem?
- Nei, det er ikkje godt å segja ... Dei er enkle og naturlege, ja. Dei beste er dei korte til Wang Wei, Li Po, Tu Fu og Li Ho. Dei er vedunderlege. Særleg skildringar av natur og naturens stemningar, som enkle og klåre.»

Hauge gir eksempel på ein kinesisk diktar og tankane hans om poetisk skrivemåte. Lu Chi var general og lyrikar. Han blei fengsla etter å ha tapt eit slag. Medan han venta i to år på å bli avretta, skreiv han ei lærebok om diktskriving, ein poetikk. Her skreiv han mellom anna at du skal tenkja at du er aleine i universet, og at universet er eit mysterium – slik skapar du rom for tankane dine. «Du skal meditera, og so ta penselen i hand og prøva gjera nokre strekt på arket. Kanskje kan det bli eit dikt av det. Men han segjer ikkje korleis det skal vera. Og so vart han halshoggen.»

Det biografiske

Hauge vender seg kritisk mot nykritikken når han hevdar at det biografiske kan vera ein meningsfull inngang til forståing av ein dik-

tar og verket hans. «Nykritikarane ville helst sjå burt frå det biografiske. Det kunde ikkje vera rett. Ta no Vinje.»

Hauge seier i eit intervju at ein diktar gjerne held seg til det same grunnmotivet, fordi «ein er den ein er so lenge ein lever. (...) Er det eigne opplevingar som ligg til grunn for det du skriv, vil du gjerne dylja det so godt du kan.»

Om alle du-formene i dikta seier han: «Eg er ein eg-diktar, eg veit det. Kan du vera ærleg mot deg sjølv, snakkar du gjerne for ein annan og, slik har eg tenkt.»

Hans eiga røynsle med psykisk sjukdom har han ikkje snakka mykje om. Det kom då heller ikkje dagboknotat frå åra han var innlagd på psykiatrisk sjukehus. Men om desse røynslene seier han: «30-åra vart noko serlaga for meg. Eg vart sinnssjuk og hamna på Nævergården, seinare på Valen. Det var underlege år, men dei hadde sine store stunder og. Det er slikt som eg helst ikkje vil snakka noko større om».

- Det er kanskje røynsler som likevel på ein måte er ein styrke?
- Ja, ein kan ikkje sjå på slike år som dei tek seg ut for folk flest.»

Kva er poesi?

Hauge meinte at det er med poesi som med visse grunnstoff. Dei finst ikkje i rein form, men berre i foreining med andre. Det som er

poesi for ein, er det ikkje for ein annan. «Poesi ... er noko me synest fylgjer med ovringane i naturi og menneskelivet – noko meir vil ikkje eg segja. Det som er poesi for ein, er ikkje det som ein annan ... Dei fleste er no samde um at poesi er noko rart og umogeleg noko, og diktarane prøver då fanga det i ord – så det vert oftast jag etter vind, som Preikaren segjer, og at det er «folly to the world».»

Kjelder

- Hauge, Olav H., 2000. *Dagbok 1924-1994*. Oslo: Samlaget
- Olav H. Hauges poetikk*. 1993/1996. Ved Jon Fosse. Oslo: Samlaget
- Stegane, Idar, 1974; *Olav H. Hauges dikting. Frå «Glør i oska» til «Dropar i austavind»*. Oslo: Noregs Boklag, Oslo 1974
- Kittang, Atle, 1968. Eit vern om draumen. Analyse av eit biletmønster og eit dikt. I: Einar Bjorvand og Knut Johansen: *Olav H. Hauge. Ei bok til 60-årsdagen*. Oslo: Noregs Boklag, Det norske studentersamfund

Jon Fosse i Dagbok band 5 av Torbjørn Ljones

Etter det eg ser er Jon Fosse omtala åtte gonger i perioden mai-88 til mai-94. I fylgje boka har det vore fem fysiske møte mellom dei to.

Dei to siste sitata frå 1994 er i samband med at Jon Fosse har skrivne ein tekst i boka som vart gjeve ut i samband med eit seminar på Åsnes. Det nest siste sitatet er henta frå ein omtale av *The Norseman* som har omsett og gjeve ut nokre dikt.

Det er ikkje spor av at Olav H. Hauge vurderer Fosse sine litterære tekstar i nokon av dagboksita. Men han har merka seg at han ikkje er pratmakar.

Utdrag frå Dagbok nr. 5:

s. 382, 28. 5.88

Kl. 12 var det opplesing: *Poetene vender tilbake* på Småscena.

Eg las fire dikt. So Marie Takvam. Full, sjølv sagt.... Då eg hadde lese, helsa eg på Gluba Gorfina. I kvilestundi snakka eg med Jon Fosse. Etterpå åt me middag.

s. 454, 3.11.89

I kaffiøkti vart me med inn på hotellet og fekk oss ein skvett, me og Knut Johansen, Erling Læg Reid og Jon Fosse, Rolf Sagen sat i hop med oss. Sælen, historikaren, sat og med oss. Etter middag kom Knut Johansen, og Erling Læg Reid, Rolf Sagen og Jon Fosse upp til oss. Det vart ei hyggjeleg stund - fyrr dei skipa seg på heimveg.

s. 532, 18.9.91

I går kom det tri karar frå BT. Frode Grytten, journalist i bladet, Odd Nærbø, fotograf i bladet; med seg hadde dei Jon Fosse... Fosse er elles ikkje nokon stor pratmakar, han

er ein av desse unge som held seg «burtanum ordet», for å fanga litt av det som ikkje kan segjast med ord. Wittgenstein er inne på noko av dette i Tractatus.

s. 538, 29.10 1991

Me fekk vitjing på rommet då me vilde leggja oss: Jon Fosse. Han sat i ei litterær nemnd.

s. 559, 28.06.92

I dag søndag. Fredag kom Jon Fosse. Bodil hadde snakka um å måla han. Laurdag tok dei til. Han sat og var tolsam. I dag sameleis. Og då han drog i ettermiddag tykte både han og Bodil at biletet var vellukka. So vellukka at ho segjer det skal vera med på utstillinga ho skal ha på Utne i sumar.

s. 563, 10.07.92

Jon Fosse skriv og bed um eitkvart til ei årbok Kjærstad og han skal

gjeva ut på Aschehoug. Og eg har ingen ting.

s. 567, 16.10.92

Ser at The Norseman har sett um den samtalen Jon Fosse og eg hadde i fjor haust, han stod i B.T. Fosse segjer sumt som er vit i, eg kjem berre med tøv. Anne Born har ei umsetjing i same heftet av *Til ein gamal meister*. Skral umsetjing; ho har ikkje gjeve att korkje rytme eller rim. Rimi fær so vera, men rytmen burde ho kunna halde. Slurv!

s. 597, 10.05.94

Til vederlag har dei teke med ei utgreiing Stephen Walton, han har skrive fyrr, og eit stykke Jon Fosse har skrive for denne boki...

..Må øva meg å gå att, etter eg har site inne heile vinteren. Sjagar som ein bjørn nett komen or hiet.

Tretoppen av Magne Velure

På den vesle egedomen der besto (far-mor) budde, var det eit høgt og vidt morelltre. I alle fall verka det stort for ein gut på ni-ti år. Bladverket var so tett at når eg fann den rette plassen oppe i toppen, kunne eg sitja usedd og sjå på folk som gjekk eller sykla nede på vegen. Sannsynlegvis gjer minna mine treet mykje større enn det verkeleg var, men det gjer ingenting. Eg sat i tretoppen og åt moreller som knapt hadde fått raudfargen, - og som eg eigenleg ikkje hadde lov til.

Men der og då hadde eg bokstavelig tala kontroll over det meste. Fri som fuglen, sidan ingen såg meg (trudde eg) og fullt oversyn over det som skjedde der nede på marka. I tillegg åt eg det beste ein smågut kunne tenkja seg ein sein junidag i fruktbygda Lofthus: søte, raude moreller. For lokalkjende kan eg opplysa at det var «verders»-moreller, eller «Wederske», som me skreiv på leveringslappane på kasane som skulle til fruktlageret.

Aldri seinare har eg opplevt



Foto: Stig Tronvold, Samfoto.

den gjennomstrøymande kjensla av å vera so fri og samstundes ha oversyn over det meste her i livet. Treklatinga seinare har som oftast stoppa på vegen opp. Klatreruta vart stundom for vanskeleg, eller ein måtte sjå å koma seg ned att før nokon skar vekk greinene ein trong for å koma seg velberga ned. Dei søte morell-bæra i toppen har dessutan heller kort levetid. Blad-

verket på trea fell av kvar haust, og då vil ein sitja på utstilling i tretoppen som ein figur som ikkje har hatt vit til å koma seg ned att på jorda i tide. Men du og du kor gode minna kan vera om dei søte morellene i toppen på eit morelltre, der ein kunne gøyma seg litt frå resten av verda. Det er minne som får fram ein liten smil der ein tuslar av garde med solid bakkekontakt.

Sitat frå dagbøkene sommar/ haust 1973

Magne Velure har lagt ut nokre sitat frå dagbøkene til Olav H. Hauge frå juni til november 1973 på Facebooksida til Venelaget:

Olav H. Hauge om å gå på kunstmuseum

I november 1973 skriv Hauge om å gå inn i ei museumsutstilling:

Du kjem inn i eit museum, seg det [er] eit galleri med målarstykkje. Ser på det som heng der med sjloeo augo. Du har ingen [ting] att av den

vitjinga, du kan berre segja du har vore der. Men møt med forvitne, samla deg um eit bilde, og du [vil] sjå det vert noko, du må sjølv skapa den kunsten du skal ha nytte av, endå det er ein annan som har gjort han! Paradoks. Men sanning.

Han er nok ikkje åleine om slik oppleving.

(sljoe = sløve; forvitne = nysgjerrighet, nyfikke)

Frå Hauge-dagbøkene i oktober 1973

For 50 år sidan, i 1973, var 3. oktober på ein onsdag. Under den datoen kommenterer Olav H. Hauge bøker og tidsskriftartiklar han har lese. Innimellom finn me underfundige formuleringar i den typiske, fåmælte Hauge-stilen:

Dikt lagar ein med ord, ikkje med tankar, sa Mallarmé. Det er ein kjærkomen teori for dei som ingen tankar har.

(Stéphane Mallarmé (1842–1898) var fransk forfattar, poet og litteraturkritikar.)

18. august er årsmålsdagen til Olav H. Hauge

I dagboka for 1973 skriv han dagen før, den 17. august:

I morgon 65 år. Høyrest nifst ut. Såg i eit blad at folk etter at dei er 35 år, misser 1000 hjernecellor i minuttet. Til ein er 65 skulde ein ha misst ein heil slump. Likevel: ein 80 års mann har til vanleg ikkje misst meir enn vel 10 % av cellone. So der er noko å ta av.

Dei cellone som diktar, har eg venteleg misst, d.v.s. cellone døyr.

Hauge-ord frå dagbøkene i august 1973

Kvifor hata klår tanke? Logikk? Fordi mange vitenskapsmenn tenkjer klårt? Fordi klår tanke har skapt atombomber og presisjonsvåpen, fly, bilar, fjernsyn, radio? Er det logikken si skuld? Tankar si skuld? Nei! So kvifor hata klår tanke? Som um mennesket har noko anna å hjelpa seg med! Ogso mot atombomber, fly, bilar, o.s.b... Surrealisme er ikkje vegen, magi er ikkje måten me kan gjera noko på.

Frå dagbøkene til Olav H. Hauge junidagane i 1973

Dikt kjem av: hug til å dikta. Det er alt. So kan ein laga so mange teoriar um den saki som ein vil. Dei er alle falske. Hug til å dikta – all dikting kjem av det. Utan hug, inkje dikt. Det kan ein slå fast.

JOLAHELSING

Då gjenstår det å ynskja alle medlemmer i
Venelaget ei retteleg god jol med diktet Snø.
Dette diktet er frå Olav H. Hauge si diktsamling
Under bergfallet, som kom ut i 1951.

SNØ

Då eg vakna,
skein mitt rom
av den kvite
heilagdom.

Blå var dagen.
Bjørki ute
risa rim på
himlens rute.

Rjupa einast
kunde trø
i den kvite
skire snø!

Med dette diktet vil eg få ynskja alle
ei retteleg god og fredeleg jol!
Ta vare på kvarandre.

Ågot Gammersvik



KORT OM SKRIBENTANE I DETTE HEFTET

Alf Gunnar Eritslund. Fødd 1949. Har vore førstelektor i norsk ved lærarutdanninga på Oslo Met, og leiar av Lærarutdanningsrådet. Har arbeidd i forlag, og gitt ut fleire bøker, mellom anna om skriveopplæring. Disputerte i 2020 med ei avhandling om vekking og lærarutdanning.

Ågot Gammersvik. Fødd 1949. Magistergrad i etnologi. Har vore direktør ved ulike museum, mellom Hardanger Folkemuseum og Maihaugen. No prosjektleiar ved Bergenhus Festningsmuseum.

Frode Grytten. Fødd 1960. Oppvaksen i Odda. Forfattar og journalist. Busett i Bergen. Vinnar av Brageprisen 2023 i skjønnlitteratur for romanen Den dagen Nils Vik døde.

Torbjørn Ljones. Fødd 1954 i Ulvik. Skreiv hovudoppgåve om resepsjonen av Olav H. Hauge si dikting i 1982. Han har arbeidd som rektor i 35 år og er no pensjonert vikarlærer. Han har skrive to bøker under psevdonymet Kvitanesen og mange tekstar i Avisa Hordaland og Facebook under same namn.


Magne Velure. Fødd 1946 på Lofthus i Ullensvang. Bur på Lillehammer. Mag.art. i folkloristikk. Har arbeid ved fleire museum, og nokre år ved Høgskulen på Lillehammer. 1994–2015 arbeidde han i Kulturdepartementet.

Halldis Moren Vesaas. Fødd 1907 i Trysil. Død 1995. Forfattar/ lyrikar/ gjendiktar.

<<FØRENAMN>> <<ETTERNAMN>>

<<Adresse>>

<<Poststad>>



Returadresse: Ågot Gammersvik, Marihaugen 30, 5302 Strusshamn



STYRET I VENELAGET

Ågot Gammersvik, leiar - **aagot.gammersvik@gmail.com** - tlf 917 75 735

Guri Hjeltnes, nestleiar - **guri.hjeltnes@hlsenteret.no** - tlf 452 30 353

Torbjørn Ljones - **torbjorn@ljones.no** - tlf 934 12 412

Marit Hafting - **marit.hafting@gmail.com** - tlf 995 50 315

Nils Vidar Vambheim - **vidar.vambheim@uit.no** - tlf 452 19 833

Alf Gunnar Eritsland, varamedlem - **alfgunnar49@outlook.com** - tlf 992 74 225

Ingebjørg Winjum - **ibwinjum@hotmail.com** - tlf 404 03 863

Kasserar og rekneskakpsfører: *Anders Opheim* - **andersko@ulvik.org**

Redaksjon for dette heftet: Marit Hafting, Ågot Gammersvik, Torbjørn Ljones, Alf Gunnar Eritsland, Ingebjørg Winjum.

